

TEMA

# Tilsynsaksjon med alpine nedfartar

2018



Direktoratet for  
samfunnstryggleik  
og beredskap





Tema

---

# Tilsynsaksjon med alpine nedfartar

---

2018



01	Bakgrunn.....	5
02	Gjennomføring.....	6
03	Funn frå spørjeundersøkinga.....	6
04	Funn frå tilsynet.....	7
05	Erfaringar og effektar.....	9



## 01. BAKGRUNN

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap forvaltar fagområdet tryggleik ved forbrukartenester. Dette er eit område der stadig nye tilbydarar av ulike forbrukartenester blir etablerte, meir eller mindre profesjonelle. Det kjem også stadig tilbod om nye aktivitetar som blir rekna som forbrukartenester. Ofte tilbyr ei verksemd mange ulike forbrukartenester, som rafting, brevandring, klatring, toppturar, båtutleige m.m. Dette stiller store krav til verksemene når det gjeld å etablere god internkontroll.

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) gjennomførte i 2018 tilsyn med tilbydarar av forbrukartenesta alpine nedfartar. Bedriftene som tilbyr denne tenesta, varierer i storleik og er spreidde over heile landet. Aktiviteten i tilknyting til anlegga går stort sett føre seg uorganisert, i eit «ikkje lukka» område og med brukarar med svært varierande dugleksnivå. Kvart år skjer det éi eller fleire dødsulykker i eller i tilknyting til anlegga. Aktivitetane medfører også fleire alvorlege og mindre alvorlege personskadar. Det er få indikasjonar på at tilbydarane av forbrukartenestene åleine har skulda for ulykkene. Fleire av ulykkene skjer utanom tilbydaren sine opningstider eller utanfor anlegget og kan uansett også ha manglende aktsemd eller for dårlige ferdigheter som årsak.

Kvar einskild verksemd er ansvarleg for å kartlegge farar og problem i anlegget og på denne bakgrunnen vurdere risiko og i tillegg utarbeide tiltak for å redusere risikoforholda. Det er viktig at verksemnda før aktivitetane vert sett i gang vurderer kva som kan oppstå av farlege situasjonar og korleis desse skal handterast. Tiltak kan setjast i verk på førehand, men nokre risikofaktorar kan vere vanskelege å eliminere heilt. Ein må derfor ha ein plan for korleis ein skal takle situasjonar som desse kan utløyse.

DSB ønskjer gjennom tilsyn som verkemiddel å synleggjere regelverket som er pålagt den einskilde verksemda, under dette lov om kontroll med produkt og forbrukartenester (produktkontrollova) og forskrift om systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta).

## 02. GJENNOMFØRING

Tilsynsaksjonen blei planlagd og gjennomført frå hausten 2017 og fram til påska 2018. I planleggings-fasen har DSB hatt nyttig kontakt med Alpinanleggenes Landsforening (ALF). ALF deltok som observatør på eitt av tilsyna.

I januar 2018 sende vi ut ei spørjeundersøking til alle alpinanlegga som var medlemmar i ALF, og nokre anlegg som ikkje er ein del av bransjeorganisasjonen. Bruk av spørjeundersøking kan som verkemiddel gi DSB nyttig informasjon og kunnskap om bransjen i tillegg til indikasjonar på moglege utfordringsområde. DSB fekk svar frå 109 av 225 verksemder. Det gir ein svarprosent på 51, noko som vert sett på som normalt for denne typen undersøkingar.

Frå januar 2018 til byrjinga av mars 2018 blei det gjennomført seks stadlege tilsyn. Tilsynsobjekta var geografisk fordelt fra Narvik i nord til Hovden i sør. Det blei gjort eit utval av middels store alpinanlegg. DSB gjennomførte tilsyn hos følgjande verksemder: Kongsberg, Norefjell, Narvik, Hovden, Oppdal og Skeikampen. Tilsyna blei gjennomførte som éindags-tilsyn, og alle tilsyna var varsle på førehand. DSB fekk like for tilsyna tilsendt organisasjonskart og sentrale delar av internkontrollsystemet til verksemene. Under tilsyna blei det gjennomført intervju av leiinga og dei som hadde ansvaret for internkontrollen i verksemda. Dette gav DSB eit inntrykk av korleis internkontrollsystema var bygde opp, kva element som blei dekte og korleis dette blei gjennomført i praksis.



Tilsynet blei avslutta ved at verksemdene fekk kjennskap til dei avvika DSB hadde funne, basert på intervju og dokumentgjennomgangar. Alle verksemdene fekk tilsendt ein formell tilsynsrapport 2–3 veker etter tilsynet, med frist til å utarbeide ein tidsbestemt plan for eliminering av avvika.


### Tema for tilsyna:

- *Risikokartlegging*
- *Avvikshandtering*
- *Verksemda sin systematiske gjennomgang av internkontrollsystemet*
- *Korleis verksemda handterer og lærer av hendingar og liknande, medrekna meldingar og rapportering*
- *Informasjon til brukar i anlegget*
- *Mogleg verifikasjon av skilting og polstring i anlegget*



## 03. FUNN FRÅ SPØRJE- UNDERSØKINGA

Spørjeundersøkinga omhandla tema knytte til produktkontrollova og internkontrollforskrifta og verksemdene sin kjennskap til og etterleving av desse. I hovudsak fokuserte undersøkinga på forbrukartenesta alpine nedfartar, men undersøkinga gjekk også inn på andre forbrukartenester som potensielt blei tilbydd av dei same verksemdene.



**FIGUR 1.** Forbrukartenester som blir tilbodne.

Som figuren viser, seier 45 av 109 respondentar at dei også tilbyr offpistekøyring og 24 at dei tilbyr aking. Berre fem seier at dei tilbyr sykling som ei teneste. Av dei seks tilsynsobjekta som blei besøkte, var det berre eitt av desse som faktisk la til rette for offpistekøyring og som handsama tilbodet på lik linje med dei preparerte nedfartane. Aking blei berre tilbydd til spesielle grupper eller avvikla som lukka arrangement utanom opningstidene. «Annan aktivitet» dreier seg i hovudsak om langrennsløyper eller småårbod som ikkje er systematiserte.

## Svar på spørjeundersøking:

Kontrollpunkt/tema	Svar på spørjeundersøkinga
<b>Oppgåve- og ansvarsfordeling (internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 5)</b> Er dei tilsette sine oppgåver og ansvarsområde beskrive skriftleg?	95 av 107 svarte at dei hadde beskrive oppgåver og ansvarsforhold i internkontrollsystemet.
<b>Etablering av system for tryggleik ved forbrukartenesta (produktkontollova § 3 og § 3b, internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 6)</b>  Ligg det føre ein sikringsplan for nedfartane i anlegget?  Er det etablert rutinar for risikokartlegging av forbrukartenesta?  Er risikokartlegginga/scenarioa tatt omsyn til i beredskapsplanen?	90 av 107 seier at det ligg føre ei risikovurdering for aktivitetane som blir tilbydde.
<b>Setje i verk rutinar for å avdekkje, rette opp og førebyggje uønskte hendingar (internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 7)</b>  Er det etablert rutinar/sjekklistar for kva som skal følgjast opp? Er det klart kven som har ansvaret for at oppfølging blir utført? Blir uhell og nesten-uhell følgde opp med tiltak?	100 av 107 seier dei gjennomfører dagleg kontroll med anlegget.
<b>Systematisk overvaking av HMS-arbeidet (internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 8)</b>  Blir systematisk oppfølging av tryggleiken ved forbrukartenesta gjennomført – gjennomgang av internkontrollsystemet?	101 av 107 seier dei har gjennomgang av internkontrollsystemet minst éin gong kvart år.
<b>Meldingsrutinar ved uhell og alvorlege ulykker (produktkontollova § 6b)</b>  Krav om meldepunkt har til hensikt å gi tilsynsmyndighetene ei betre oversikt samtidig som ein får høve til å kunne vurdere eventuelle risikoreduserande tiltak som er eller blir vurderte settet i verk av bedrifa.	56 av 107 seier dei har rutinar for å informere DSB om uhell og ulukker.

**Avvik** er definert som manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

**Merknad** er eit forhold som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje blir omfatta av definisjonen for **avvik**. Verksemldene si manglande etterleving av eigne reglar som er strengare enn lovkrava, vil frå tilsynsetatane si side ikkje bli sett på som eit avvik, men kan bli omtalte som ein merknad.



## Resultat frå tilsyna:

Kontrollpunkt/tema	Resultat frå tilsyn
<b>Oppgåve- og ansvarsfordeling (internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 5)</b> Er dei tilsette sine oppgåver og ansvarsområde beskrive skriftleg?	Tilsynet viste at 1 av 6 verksemder ikkje har utarbeidd klare oppgåve- og ansvarsbeskrivingar for å sikre tryggleiken ved alpine nedfartar.
<b>Etablering av system for tryggleik ved forbrukartenesta (produktkontrollova § 3 og § 3b, internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 6)</b>  Ligg det føre ein sikringsplan for nedfartane i anlegget?  Er det etablert rutinar for risikokartlegging av forbrukartenesta?  Er risikokartlegginga/scenarioa tatt omsyn til i beredskapsplanen?	Tilsynet viste at 4 av 6 verksemder ikkje hadde skrifteleggjort fullstendige risikokartleggingar av tenesta alpine nedfartar.
<b>Setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje uønskte hendingar (internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 7)</b>  Er det etablert rutinar/sjekklistar for kva som skal følgjast opp? Er det klart kven som har ansvaret for at oppfølging blir utført? Blir uhell og nesten-uhell følgde opp med tiltak?	Tilsynet viste at 5 av 6 verksemder ikkje hadde skriftelege rutinar for sjekk og kontroll av tryggleikselementa i dei alpine nedfartane.  Oppfølging av uhell og nesten-uhell med tilhøyrande korrigrande tiltak var ikkje dokumentert.
<b>Systematisk overvaking av HMS-arbeidet (internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 8)</b>  Blir systematisk oppfølging av tryggleiken ved forbrukartenesta gjennomført – gjennomgang av i internkontrollsystemet?	Tilsynet viste at 5 av 6 verksemder ikkje hadde skriftelege rutinar som sørge for ein heilskapleg gjennomgang av internkontrollsystemet. Dette er viktig for å kunne vurdere om det fungerer etter hensikt og om det eventuelt er nødvendig med endringar og/eller tillegg som bidrar til å sikre tryggleiken i alpine nedfartar.
<b>Meldingsrutinar ved uhell og alvorlege ulykker (produktkontollova § 6b)</b>  Krav om meldeplikt har til hensikt å gi tilsynsmyndighetene ei betre oversikt samtidig som det gir høve til å kunne vurdere eventuelle risikoreduserande tiltak som er eller blir vurderte sette i verk av bedrifta.	Tilsynet viste av 5 av 6 verksemder ikkje kjende til kravet om meldeplikt.



## 04. FUNN FRÅ TILSYNET

DSB sitt hovudinntrykk etter tilsynsaksjonen er at verksemdene har god kompetanse rundt sikrings tiltak og praktisk tilrettelegging når det gjeld tryggleik. Dei hadde alle eit aktivt forhold til tryggleiks arbeidet i nedfartane og ei praktisk tilnærming til å løyse tryggleiksutfordringar som måtte oppstå.

**DSB si erfaring er at verksemdene er svært opptekne av tryggleiken i anlegget.**

Tilsyna avdekte derimot ei rekke manglar når det gjeld verksemdene si etterleving av regelverket sine krav til skriftleggjering av tryggleiksarbeidet som blir føresett etter internkontrollforskrifta.

Skriftleg dokumentasjon og systematisk oversikt over hendingar og rutinar er ein føresetnad for å kunne drive systematisk og effektivt forbetningsarbeid. Ved alvorlege hendingar må også verksemda kunne vise til at eigne rutinar blir følgde, at personell har fått opplæring og at aktiviteten er risikovurdert og nødvendige tiltak sette i verk.

Mangelfulle skriftlege rutinar og mangelfull dokumentasjon kan utgjere eit problem når uønskte situasjoner oppstår, som ulykker, uventa fråvær hos sentrale medarbeidarar m.m. Gjennom skriftleggjering av internkontrollsystemet vil alle medarbeidarar vere kjende med og førebudde på kva som til ei kvar tid skal gjerast.

### TAL PÅ VERKSEMDER MED AVVIK PER KONTROLLPUNKT (AV TOTALT 6)


Meldingsrutinar ved uhell og alvorlege ulykker  
(produktkontrollova § 6b)

Systematisk overvakning av HMS-arbeidet  
(internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 8)

Setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje  
uønskte hendingar (internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 7)

Etablering av system for tryggleik ved forbrukartenesta  
(produktkontollova § 3 og § 3b, internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 6)

Oppgåve- og ansvarsfordeling (internkontrollforskrifta  
§ 5, 2. ledd punkt 5)



**FIGUR 2.** Grafisk framstilling av avvik gitt under tilsynsaksjonen, med referanse til internkontrollforskrifta og produktkontollova.

### Tilbakemeldingar frå verksemndene:

- *Positivt at DSB gjennomfører tilsyn og har søkjels på dette området – mykje nyttig informasjon og rettleiing.*
- *Ønskje om meir informasjon og rettleiing om gjeldande regelverk.*
- *DSB si rolle som fag- og tilsynsmyndighet er lite kjend.*
- *Meir tilsyn og større grad av spesifikke informasjonstiltak retta mot bransjen.*
- *Viktig med kontinuerleg bransjekontakt.*

DSB sine funn ved tilsyna var i liten grad i samsvar med dei svara som blei gitt av verksemndene i spørjeundersøkinga. DSB meiner følgjeleg at tilsyn og informasjon vil vere nødvendige tiltak overfor aktørar i bransjen også i åra framover. Samtidig er det viktig å halde ved lag den allereie eksisterande kontakten DSB har med ulike aktørar og bransjeorganisasjonar. Dette er viktige arenaer i det førebyggjande arbeidet med tryggleik knytt til produkt og forbrukartenester. DSB ser også kor viktig det er å vidareutvikle samarbeidet med politi og bransje, særleg når det gjeld oppfølging av alvorlege ulykker og dødsfall. Dette vil bidra til å kartleggje årsaksforhold i samband med ulykker slik at denne kunnskapen kan inngå i det førebyggjande arbeidet.

## 05. ERFARINGAR OG EFFEKTAR

DSB gir under tilsyna mykje rettleiing om gjeldande regelverk og synleggjer dei krava som er pålagde den einskilde verksemda. Det er forventa at tilsyna har ein effekt i dei anlegga som er omfatta av ordninga.

For DSB er tilsyn eit viktig verkemiddel når det handlar om å kartlegge status og kontrollere etterleving av regelverket i ulike bransjar. Slik bidrar DSB til å sikre tryggleiken. Det er også interessant å få tilbakemeldingar frå dei einskilde verksemndene – om utfordringar dei opplever som er knytte til regelverket og om kva forventningar dei har til DSB som myndighet. Det er viktig for DSB å bidra til å spreie kunnskapen også ut til dei aktørane som ikkje har fått gjennomført tilsyn i verksemda si. DSB si vurdering er at stadlege tilsyn, informasjonstiltak og samarbeid med bransjen bidrar til at tryggleiken i alpine nedfartar blir endå betre.

DSB erfarer at tilsyn med tilbydarar av forbrukartenester aukar verksemndene sitt medvit knytt til arbeidet med tryggleiken til den tenesta dei tilbyr.



NOTAT



Direktoratet for  
samfunnstryggleik  
og beredskap

Rambergveien 9  
3115 Tønsberg

Telefon 33 41 25 00

postmottak@dsb.no  
www.dsb.no

ISBN 978-82-7768-476-5 (PDF)  
HR 2404  
2018

 /DSBNorge

 @dsb\_no

 dsb\_norge

 dsbnorge

